



Øystre Slidre kommune

STAB

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Til medlemmane i eldrerådet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

ROBMÅL - 21/1969

033, &17

19.02.2021

Protokoll frå møte i eldrerådet 16.februar 2021

Tilstades: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Morten Steinsrud og Bjørn Kjensli

Andre: Målfrid Robøle (sekretær)

- Sak 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak:
Samrøystes godkjent
- Sak 2/21 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 02.12.20
Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Morten Steinsrud og Bjørn Kjensli
underteikna protokollen
- Sak 3/21 Revidering av instruks for eldrerådet i Øystre Slidre
Vedtak:
Vi reviderar vidare og tek det med til godkjenning på neste møte
- Sak 4/21 Aktivitetsplan 2021
Vedtak:
Vi reviderar vidare og tek den med til godkjenning på neste møte
- Sak 5/21 Nye innspel sidan sist:
Kommunestyre sak 10/21. Dagsturhytte i Øystre Slidre skal opp i kommunestyremøte 18.02.21. Og eldrerådet leverar innspel:
«Eldrerådet ser meget positivt på bygging av ei dagsturhytte i nærleiken av kommunesenteret Heggenes. Vi stiller spørsmål ved om vald lokalitet gir tilgjengelighet for alle. Vi meiner at dette kriteriet bør veggleggjast sterkare i denne saka. Vi meiner også at ein må vurdere ein meir solrik stad enn øvert i Herangsbakken»
Vedtak:
Samrøystes godkjent

Orienteringar:

*spørjeundersøkelsen «leve hele livet» - er under arbeid

*nye Helsetunet, lufta interesse for omvisning. Men det leggjast på is då medlemmane er der i andre anledningar.

*Om nødvendig er det positivitet til å ha møter på «teams» i eldrerådet. Om det blir nødvendig kan dette då bli organisert av sekretær

*Kommunestyrekomiten for helse og omsorg jobbar no med revidering av helse- og omsorgsplan. Viktig å jobbe med kva innspel eldrerådet skal ha til denne planen. Forslag til informasjonsmøte 20.april 2021. Innspel klare til 22.april 2021

*På møte som skal være i eldrerådet 23.03.2021, skal vi lage ein høyringsuttalelse til sti- og løypeplan.

Med helsing

Målfrid Robøle
Sekretær

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.